

Fra: Arman Nezhad (arman_an@hotmail.com)

Sendt: 09.05.2015 16:35:25

Til: Marianne Ose Askvik

Kopi:

Emne: FW: UKM-festivalen i Trondheim

Vedlegg: UKM RASMUS.JPG;UKM Rastamus.pdf;image001.png

Date: Wed, 6 May 2015 20:47:34 +0200

Subject: Re: FW: UKM-festivalen i Trondheim

From: heftigsteswag@gmail.com

To: arman_an@hotmail.com

EYO her e mitt shit! det e både bilde og pdf her ;) PeACE

2015-04-29 13:00 GMT+02:00 Arman Nezhad <arman_an@hotmail.com>:

From: Marianne.Ose.Askvik@hfk.no

To: Arman_an@hotmail.com

CC: kari.sandtorv@bergen.kommune.no

Subject: UKM-festivalen i Trondheim

Date: Tue, 28 Apr 2015 08:02:12 +0000

Hei Ankur, Arman, Benjamin, Rasmus og Storm

Gratulerer som deltakarar til UKM-festivalen i Trondheim! Her følgjer viktig informasjon

Samtykkeskjema

Dykk må alle fylle ut vedlagte «samtykkeskjema for deltakere», signere denne, og sende til meg **innan torsdag 7.mai**. Dykk kan scanne skjemaet og sende dette til meg per e-post eller sende per post til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Prinsipp for deltaking

Festivalen starter fredag 19. juni kl. 20:00, og varer til tysdag 23. juni på morgonen, og det er viktig både for deg og oss at du kan være med heile tida. Å bli sendt vidare til UKM-festivalen dreier seg ikkje om å reise for å foreta en kjapp opptreden i Trondheim. UKM-festivalen er ei stor pakke av opplevingar, der summen av forestillingar, konsertar, workshops, sosiale aktiviteter, overnatting osv., utgjør ein heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommane som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskapen. Deltakarane skal som hovudregel delta på heile festivalen som vert arrangert 19.-23.juni. Eventuelle avvik og spesialavtaler må være skriftlig avtalt med UKM Norge på førehand.

Storm har gitt tilbakemelding om at han må vere tilbake i Bergen søndag kveld ettersom han starter lærling-jobb måndag. Dette er godkjent av UKM Norge og dykk har fått plass i programmet laurdag eller søndag (programmet er klart i slutten av mai). Er det fleire av dykk som ønskjer fly saman med Storm? Ønskjer dykk å reise saman til og frå Trondheim?

Info til deltakarar

Olavskvartalet er hovudarena for festivalen, men UKM kan de også oppleve på Studentersamfundet, på Solsiden og i Vår Frue Kirke. Alle UKM-artistar bor på Trondheim Spektrum, og her vert det servert frukost og kveldsmat. Hovudforestillinger, kunstutstilling og workshops vert gjennomført i Olavskvartalet/Olavshallen. Her er det også TV-studio, nettredaksjon og sekretariat. Filmforestillinga er på NOVA Kinosenter. Her ligger også Olavs Pub, der det vert servert lunsj og middag. Programmet er klart i slutten av mai. På nettsida www.ukm.no/festivalen finn de deltakarinformasjon, rammeprogram, kart, ordensregler og annan info. Sida vert oppdatert fortløpande fram mot festivalen med nyhende om workshops, detaljprogram osv. Det er **viktig at alle deltakarar gjør seg kjent med innhaldet** på denne nettsida.

Ordensreglar

Det er utrolig mykje som skjer kvar dag under festivalen, og de skal prestere på høgt nivå som artistar og kunstnarar. Derfor må man også sove litt!

- Det skal være ro i sovesalene frå kl. 00:00.
- Alle UKM-artistar må møte presis til prøver, forestillingar og arrangement.
- All bruk av rusmidlar er forbudt, og overtredelse medfører heimreise for egen rekning.

Reise og Reiseleiar

Hordaland fylkeskommune ordnar med flybillett til alle deltakarane. Avreise vil vere fredag 19.juni og heimreise vert tysdag 23.juni. Dersom dykk **ikkje kan** reise frå Bergen (Flesland), må eg få beskjed om dette snarleg. Når eg har ordna med flybilletter, vil dykk få stadfesting på dette.

Dykk vil alle få ein reiseleiar (Ein reiseleiar får ansvar for inntil 10 deltakarar). Denne personen vil også bu i Trondheim Spektrum. Kontaktinformasjon på kven dette vil vere for dykk, vil eg sende når dette er klart.

Husorkester vs playback

Ingen skal behøve å stå på scenen i Olavshallen og synge eller spille med playback. UKM Norge set saman eit profesjonelt husorkester, og alle deltakarane som er vidaresendt med playback vert akkompagnert av desse musikarane (eller berre av pianist).

Ver vennleg og gi tilbakemelding på om dykk ønskjer dette. UKM Norge må ha skriftleg tilbakemelding på kven dette vil gjelde for.

Ps - dette gjeld ikkje for dykk som deltek i kategori «dans».

Kunst

Av kunstverk har eg på mitt kontor Thea sin «Dam1». Alle andre kunstdeltakarar må sende sitt kunstverk til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen. og **må vere på mitt kontor innan 15.mai**. Det er og mogleg å levere kunstverket på mitt kontor. Eg har kontor i 7.etg i Fylkeshuset (adr: Agnes Mowinckelsgate 5, 5020 Bergen). Kunsten vert henta av speditør av UKM Norge og dei kunstverka eg ikkje har på kontoret innan 15.mai får ikkje vist fram kunsten sin i Trondheim.

Om de har spørsmål, er det berre å ringja med på 992 30 515.

Vennleg helsing

Marianne Ose Askvik

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43
www.hordaland.no